



MØTEINNKALLING

Utval: Eldrerådet
Møtedato: 03.09.2020
Møtetid: Kl. 10:00
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Solveig Vassenden
Leiar i utvalet

SAKLISTE**Saker til handsaming på møtet**

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/2020	20/748	Faste saker	
005/2020	20/15	Eldredagen 2020	
006/2020	20/15	Innspel til arbeid med Budsjett og økonomiplan 2021-2024	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/748	Løpenr: 20/7672
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	03.09.2020	004/2020

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
 Delegerte vedtak/referatsaker.
 Utvalet sitt kvarter.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/15	Løpenr: 20/7669
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	03.09.2020	005/2020

Eldredagen 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen har ikkje framlegg til vedtak i saka.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Ingen.

Kva saka gjeld:

Den internasjonale eldredagen vert markert verda over 1. oktober kvart år. I Samnanger kommune brukar Eldrerådet og Samnanger Pensjonistlag samarbeida om gjennomføringa, men det er eldrerådet som tek dei store avgjerslene kring markeringa.

Grunna koronapandemien kan det vera at markeringa bør utsettast.

Vurderingar og konsekvensar:

Saka er meldt til inn kommunen si kriseleiinga som skal ha møte 02.09.20. Kriseleiinga si vurdering vert lagt fram for eldrerådet i møtet 03.09.20.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/15	Løpenr: 20/7664
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	03.09.2020	006/2020

Innspel til arbeid med Budsjett og økonomiplan 2021-2024**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ingen.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Ingen.

Kva saka gjeld:

Eldrerådet ønskjer å gje innspel til kommunen sitt budsjettarbeid hausten 2020 for Budsjett og økonomiplan 2021-2024.

Vurderingar og konsekvensar:

Innspela må sjåast opp mot kommunen sitt arbeid med økonomiplan og budsjettarbeid. Eldrerådet sitt framlegg bør takast med som innspel til økonomiplanen 2021-2024 og budsjettarbeidet for 2021.



Vår dato:

28.08.2020

Vår ref:

2019/22540

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hugo Morken, 5557 2117

Val av representantar til eldreråd - orientering

Pensjonistforbundet Hordaland har meldt til Fylkesmannen at så langt dei kjenner til har ikkje alle kommunane i Vestland fylke vald eldreråd. Dei melder også om at ikkje alle eldreråda har ei samansetjing i samsvar med lovas krav om representasjon av begge kjønn.

Fylkesmannen vil difor med dette orientere om at alle kommunar etter kommunelova § 5-12 skal ha eit eldreråd, likevel slik at det etter § 4 i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (forskrift om medvirkningsordninger) kan opprettast eit felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsettjing.

Det er kommunestyret som sjølv skal velje eldreråd. Nærmare reglar er gitt i forskrifta.

Nærmare rettleiing om eldreråda er gitt i Kommunal- og moderniseringsdepartementet si rettleiar for eldreråd:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunalrett-og-kommunal-inndeling/veileder-for-eldrerad/id2666683/>

Eldrerådet er omfatta av kommunelova § 5-2, og det skal difor opprettast etter reglane som gjeld for folkevalde organer. Dei alminnelege reglane om val til folkevalde organer i kommunelova kap. 7 gjeld derfor for val av eldreråd.

Etter reglane i kommunelova kap. 7 kan valet gjennomførast som avtaleval, eller som høvetalsval. Uavhengig av om valet vert gjennomført som avtaleval eller høvetalsval har kommunelova kap. 7 krav om representasjon av begge kjønn i eit folkevald organ. Dersom eldrerådet skal bestå av inntil tre medlemmer, er det krav om at begge kjønn er representert. Dersom rådet skal bestå av fire medlemmer eller fleire, er det krav om at kvart kjønn er representert med minst 40 prosent.



Med helsing

Anne Kjersti Sande
fung. seksjonsleiar

Hugo Morken
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

PENSJONISTFORBUNDET SOGN OG FJORDANE
PENSJONISTFORBUNDET HORDALAND

Postboks 140
Rasmus Meyers allé 5

6801 FØRDE
5015 BERGEN